

# RETTLEIANDE DOKUMENT FOR KYRKJELYDSARBEIDET I OS SOKN OG FUSA SOKN

teken til orientering av Bjørnafjorden kyrkjeleg fellesnemnd den 14. juni 2018, sak 2018-016, etter vedtak i Os sokneråd og Fusa sokneråd.



Babysong i Os



Bibel-, bøn- og lovsongskveld i FUSA

## RETTLEIANDE DOKUMENT FOR OS SOKNERÅD OG FUSA SOKNERÅD 2019 – 2028

### Innleiing:

Dette dokumentet vert meir tankar enn ein bindande plan. Det viser meir status enn betraktningar om store organisatoriske og/eller strategiske endringar. Ein plan må i mykje større grad diskuterast lokalt før handsaming – dette for å få ei lokal forankring. Målet med dette dokumentet er å vise ansvarsområda til det framtidige Fusa sokneråd og Os sokneråd, og kan vere eit grunnlag for ein grundig gjennomgang for å utarbeide ein framtidig plan.

Os sokneråd og Fusa sokneråd må ha kvar sin plan for si verksemd. Under prosessen med samanslåing må ein sjå på område det er naturleg å samarbeide om når det gjeld kyrkjelydsbygging. Dette vil utvikle seg etter kvart – i første omgang under prosessen med samanslåinga til eit felles fellesråd. Så vil ein i åra som kjem sjå andre naturlege samarbeidsområde som vil utvikle seg. Det ligg heilt sikkert store moglegheiter i eit tettare samarbeid på fleire område etter kvart som utviklinga går. Men samstundes er det viktig at ein er ei kyrkje nær folket! Og arbeidet som vert gjort lokalt og er lokalt forankra vil vere det grunnleggjande i det framtidige kyrkjelandskapet. Og i ei tid der menneske møter folk på telefon eller kommunikasjon skjer nettbasert må vi vere ein motpol til det og framleis vere ei kyrkje der det viktigaste vil vere møte med enkeltmenneske ansikt til ansikt, og elles leggje til rette for både større og mindre fellesskap – Gud til ære og menneske til gagn.

Ein antar også at sokneråda i framtida får satt meir fokus på det kyrkjelydsbyggjande arbeidet enn det ein har gjort som eitsokns kommune der ein har hatt store oppgåver med m.a. personalansvar, bygg og anlegg. Men det vil vere avgjerande korleis ein får organisert den samla verksemda i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.

### Overordna mål:

*«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, dømte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.»* (kyrkjelova § 9, 1. ledd).

Gudstenestene skal vere pulsslaget i kyrkjelyden og i kyrkjekrinsane i Fusa sokn.

### Fagområda i planen

Plandokumentet er skissert kort med fagområde – status – framtidstankar. Det ligg ikkje kostnadsvurderingar inne i planen – men planen legg i botn at ein har dei same føresetnader, økonomiske og menneskelege ressursane med seg inn i 2020-åra som ein har til rådvelde i 2018. Innan eksisterande rammer må soknerådet gjere sine disponeringar/prioriteringar.

## FUSA

## Os

| Tema         | Status   | Framtidstankar  | Status  | Framtidstankar   |
|--------------|--|---|---|--|
| Gudstenester | I 2017 95 gudstenester   | Fusa kyrkjelyd ynskjer at gudstenestene skal vere pulsen i kyrkjelyden. Talet på gudstenester er redusert ein god del i løpet av dei seinare åra. Med seks gudstenestestadar kan ein ikkje redusere tal gudstenester utan at det går ut over «pulsslaget» i kyrkjekrinsane. | i 2017: 133 gudstenester (20999 deltakande)   | Stabilt gudstenestet; liten auke frå 2016 til 2017. Det er mange som kjem til inviterte gudstenester (4-års bok, osv) og deltakartalet vert auka ved at mange kjem på desse utvalde gudstenestene. Likevel ein stor flokk som går jamleg til gudsteneste, men vi har ikkje tal som synleggjer dette. Lokalt forankra liturgiar . |
| Liturgi      | Dei ulike liturgiane vart vedtekne i 2015  | Vi held fram med noverande liturgiar, evt mindre lokale tilpassingar eller tilpassing mellom Os sokn og Fusa sokn.  | Liturgiar frå 2015  | Godkjende liturgiar vidareførast. Vurderast etter behov/ønskje.  |
| Dåp          | I perioden 2011 til 2016 har dåpsprosenten vore mellom 91 og 157%. Dåp vert meldt til vanleg pr telefon til kontoret | Samordning med innmelding av dåp må vurderast ved samanslåing   | Nominelt stabilt dåpstal (170-190 siste 5 åra). Dei fleste påmeldingar skjer elektronisk, men og pr telefon og oppmøte. | God erfaring med elektronisk påmelding; unge foreldre er trygg på slik "bestilling" og nytter dete ofte og i andre samanhenger. Arbeidsbesparande.   |
| Konfirmasjon | I perioden 2011-2016 har andel som har vald kyrkjeleg konfirmasjon vore mellom 84 og 90%.                            | Påmelding til konfirmasjon gjerast elektronisk. Samordning må vurderast ved samanslåing   | Konfirmasjonsandel: relativt stabilt på 80 % av døypte .  | Påmelding skjer elektronisk; god erfaring med dette.   |

|   |   |  |   |   |
|---|---|--|---|---|
| Vigslar                                 | I perioden 2011 og 2016 har det vore mellom 1 og 12 vigslar pr år.  | Påmelding skjer til vanleg pr telefon til kontoret. Samordning må vurderast ved samanslåing.   | Brurevigslar: varierer frå vel 30 til vel 40 siste 5 åra. Relativt stabilt.   | Bestilling av tid/dato ofte 1 år i forkant. Skjema for bestilling utfylles av brureparet. Avgrensar til maks 4 vigslar/laurdag. I alle hovudsak mai/juni og aug/sept                                |
| Kyrkjelege gravferder                   | Kyrkjelege gravferdssermoniar varierer frå år til år, men gj.sn om lag 40.  | Ved dei fleste høve tar gravferdsbyrå kontakt med kontoret. Samordning må vurderast ved samanslåing.   | Rundt 100 gravferder/år (+/-). 0-2 % har ikkje-kyrkjeg seremoni. Kremasjonsandel auka til ca 50%.   | Over 90% meldast av lokalt gravferdsbyrå, øvrige av andre byrå. Heilt unntaksvis meldar pårørande direkte.  |
| Trusopplæring                           | Eigen trusopplæringsplan vart vedteken i 2014.<br>Lokal forankring ser vi er viktig. Jo meir ein sentraliserer også i vår kommune synest å gi lågare oppslutning om tiltaka!    | Det må vere eit mål å arbeide vidare på minimum dagens nivå.<br>Lokal forankring er grunnleggjande! Fellestiltak på tvers av sokna kan vurderast på ungdomsnivå. | Godkjent plan frå 2014.<br>Varierende oppslutning på ulike tiltak. Dårlig oppslutning på tiltak etter konfirmant-tida   | Tiltak for aldersgruppa 16-18; truleg gevinst med å lage felles tiltak i Bjørnafjorden. Tiltak for mindre årsgruppene må vere lokalt og fortrinnsvis med stabilt mannskap; relasjonsbygging viktig. |
| Barn/Familiar –<br>kontinuerlege tiltak | Fusa sokneråd sine tilsette og frivillige medarbeidarar er aktive i ulike kor (t.d. Fjord'n barnekor og Songbuketten) og anna barnarbeid (t.d. søndagsskule under gudstenesta). | Det er eit mål å vidareføre aktivitetane, evt endre i tråd med nye behov og endringar som vil kome – og kva menneskelege ressursar ein har til kvar tid.         | Kyrkjelydspedagog har ansvar for barne- og familiearbeid i hovudsak. Etablerte arbeid: FamilieKRIK, Laurdagssprell, søndagsskole, Tweens og familekoret ShubaDubs.                                      | Barnekor 1-4 kl under etablering frå hausten 2018. Mål i; vidareføre etablerte tiltak.  |
| Ungdom –<br>kontinuerlege               | 1. Det er eige kor, friluftsklubb og mekkeklubb som tilsette og frivillige medarbeidarar utfører teneste i.   | 1. Det er eit mål å vidareføre dette arbeidet så lenge det er ressursar, evt endre tiltak i tråd med nye behov og endringar som vil kome                         | Etablerte tiltak. Ten Sing m/ ulike undergrupper. KRIK (egen gruppe) Klubb . ULF (ungt lederforum) etablert. Speidargr har ein del ungdomar i eiga gruppe som og har leiaroppgåver innan speidarrørsla. | Ønskje om å få større heilskap i U-arbeidet og spele positivt på samspel mellom dei ulike tiltaka. Avklare nærare kva ungdom vil/etterspør og tilpasse tiltak etter det.                            |



|                           |  |  |  |  |
|---------------------------|--|--|--|--|
| Konfirmerings tiltak      | 2. Leiarutvikling av ungdom etter konfirmasjonstid.  | 2. Vidareføre leiarutvikling. Utfordring er at mange ungdommar reiser frå Fusa etter ungdomskulen.<br>3. Vurdere eit naturleg samarbeidsområde mellom kyrkjelydane i Fusa og i Os.                                   | MILK-kurs. Nokre få har deltatt i K/M-regi i Bjørgvin.   | Starte lokale MILK-kurs for fjorårskonfirmantar og andre som ønskjer leiarutviklingsprogram                                    |
|                           |  |  | Ulike einiskildkurs (t.d. Ten Sing kurs nokre somrar   | Mogeleg fellestiltak retta mot ungdom i Bjørnafjorden ??   |
| Undervisning              | Alpha-kurs for vaksne dei siste åra. Bibelgrupper  | Stake ut eit undervisningsopplegg vidare – etablere fleire Bibelgrupper.   | Koinonia og delvis TITT har element av undervisning i sine opplegg. Tidvis en etterspørsel om undervisningstiltak (type Bibeltimer el likn) fra tid til annen. Husfelleskap samles månadleg og har ulike ressurspersonar som underviser. | Tilbud om en serie med Bibeltimer el lign bør vurderes; kan gjerne være samarbeidstiltak mellom Os og Fusa sokn ??             |
| Diakoni/Frivillig sentral | 1. Fusa Frivilligsentral utøver mykje av det diakonale arbeidet på vegne av Fusa sokneråd. Soknerådet eig sentralen<br><br>2. Hausten 2017 fekk ein på plass ei lokal diakonal ressursgruppe som jobba med enkelttiltak. Adm. styring virker naudsynt. | Fusa har ingen diakon, og soleis ikkje eigne ressursar til direkte oppfølging av det diakonale arbeidet lokalt. Men frivilligsentralen er ein svært viktig ressurs i lokalmiljøet i Fusa. Sak om dette har kyrkjeleg | Diakonstilling etablert og jobber tett med diakoniutvalg. Samarbeid om ulike prosjekt etablert med andre organisasjonar i Os (t.d. omkring språk-kafé)   | Kan diakon i Os ha noen veiledningsoppgaver også inn mot Fusa ? Kan en tenke seg noen felles prosjekt/tiltak i Bjørnafjorden ? |
|                           |  |  |  |  |

|                        |   |  |  |  |
|------------------------|---|--|--|--|
|                        | 3. Det meste av det diakonale arbeidet skjer uorganisert gjennom einskildmenneske som stiller opp for kvarandre. Gjennom t.d. gravferd vert det utført diakoni.   | fellesnemnd tatt opp med kommunal fellesnemnd  | Minnesamvær i Tunet  | MINNESAMVÆR I TUNET Eit godt og tjenlig tilbud til pårørende som ønsker en fin og verdig ramme i samband med gravferd  |
| Misjon                 | Fusa sokn har eit stort engasjement innan misjon og internasjonal diakoni. For tida er der to prosjekt: 1. Direkte støtte til to studentar og elevstipend til elever og studentar ved Tabor Utdanningssenter i Sør-Etiopia. 2. Hjelp til brannskadde born i Etiopia | Det er viktig med prosjekt tilpassa den lokale kyrkjelyden sine interesser også i framtida.  | SR har etablert eget misjonsutvalg. Os fellesforening for NMS har flere foreningar som jobber for NMS og årlig stor misjonsmesse, halvårlege misjonsmøter i Tunet. NMS gjenbruk etablert i Os; har eget styre. Det er og misjonsarbeid knytt til NLM og Iaraelsmisjon, men mindre kjent i menighetsarbeidet. Det er samarbeidsavtale mellom NMS og Os sokn knytt til prosjekt i England og Estland | Viktig å holde levende og utvikle misjonsengasjement i kyrkjelyden. Kyrkjelyder som ikkje har engasjement inn mot misjon vert fort fattige.  |
| Kyrkjemusikalsk arbeid | Fusa har i dag eigen kontor som er leiar for den kyrkjemusikalske verksemda. Han leier m.a. eit kyrkjekor.  | Ein ser føre seg ei mogleg samordning av den kyrkjemusikalske verksemda i framtida. Korleis dette skal gjerast må ein arbeide vidare med på tvers av sokna og i tett dialog med dei involverte partar. Det ligg til fellesrådet sitt ansvarsområde å følgje opp. | 1,5 årsverk kyrkjemusikkar. Dekker normal tentse for gudstenester og kyrkjelege handlingar gjennom året. Kantor har ansvar for eit kyrkjekor og administrering/koordinering av utleige av kyrkjene til konserter; i alle hovudsak lokale kor og grupper.   | Kyrkjemusikk-kapasitet i Bjørnafjorden bør vurderast auka til 3 årsverk. Gjev god dekking av kyrkjemusikkar gjennom heile året. Større grad og auke musikktilbod/støtte inna ulike tiltak trosopplæring. |

|                        |   |   |  |   |
|------------------------|---|---|--|---|
| <p>Informasjon</p>     | <p>Fusa kyrkjeblad kom ut første gong i 1922. 84.årgang kjem ut i 2018. Dessutan har ein informasjon gjennom Fusa sokn sin ressursbank, Facebook, lokal presse og aktiv bruk av SMS (eiga namneliste med om lag 150 personar)</p> | <p>Ein må ha ein gjennomgang av korleis ein ordnar informasjonflyten ved samanslåinga av sokna. Kyrkjeleg fellesnemnd har fått si eiga nettside som må brukast aktivt framover.</p>   | <p>Os sokneråd har desse "plattformane": Kyrkjeblad for Os (4 nr/år) / WEB-side (kyrkja.no/os) / FaceBook-konto (Os kyrkje). Det er og etablert egen web-side knytt til gravferdsforvaltninga, men denne er av kapasitetsomsyn ikkje ferdigstilt og gjort kjent. Modell av BKF sin side (gravplass.no)</p> | <p>Det er naturleg at Os og Fusa sokn har kvar sinde kanalar der ein informerer om kyrkjelydsarbeidet. I tillegg bør fellesrådet ha kanal for informasjon om ulike forvaltningsspørsmål og evt og felles informasjon.</p> |
| <p>Medarbeidarskap</p> | <p>Det er registrert om lag 140 frivillige medarbeidarar, men dette er eit diffust tal. Og frivilligheten finn ein på alle område innan soknerådet sitt ansvarsområde</p>   | <p>Det blir ei utfordring å halde oppe eit frivillig engasjement i ein ny struktur. Dette må ein vere bevisst på i alt ein føretar seg. Dugnadar på kyrkjer og gravplassar skjer nok som følgje av lokal forankring, noko som kan bli meir utfordrande i ein ny «storkommune». Dette må ein ha med seg vidare i prosessen med samanslåing av fellesråd.</p> | <p>Ikkje eintydig klårt tall på kor mange som har frivillige oppgåver i kyrkjelyden. Nokre har stort engasjement og kapaistet og har mange oppgåver/verv, medan andre tek på seg einskildoppdrag frå tid til anna. Ein stor gruppe har tenster i ulikt omfang..</p>  | <p>Kan det vere motiverende og utviklande felles-tiltak som kan rekruttere fleire til engasjert teneste i kyrkjelydane ?</p>  |

|                            |   |   |  |  |
|----------------------------|---|---|--|--|
| Inventar kyrkjer           | Inventar i kyrkjene er tema som jamleg kjem opp. Det har vore nytta ein del ressursar dei siste 10 15 åra i Fusa på kyrkjetekstilar (som t.d. teppe og messehaklar) og lysglober, mikrofoner, glassplater på alter m.v. | Ein ser at det går litt i periodar korleis det lokale engasjementet på dette området er. Der er ingen prekære behov slik ein vurderer det no. Tiltak på desse områda i framtida vil måtte skje i samarbeid mellom lokalt sokneråd og fellesrådet. |  |  |
| TUNET kyrkje&kulturse nter |   | Kyrkjelydssenter sentralt i Os. Har 8 ulike lokaler til bruk og utleige.  | Drifte og vedlikealde kyrkje- og kultursenteret til ei tenleg arena for eit breidt og variert kyrkjelydsarbeid. Utvikle Tunet til attraktiv lokale for andre grupper for å auke leigeinntekt, men og vere ei viktig ramme for folk i Os bygda. |  |